



Alver kommune- Plan og analyse

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/6842 - 23/76501

Saksbehandlar:

Kjartan Medaas

kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:

03.10.2023

## Søknad om dispensasjon til uttale - gbnr 1/12 Flatøy

Tiltak: Søknad om dispensasjon frå arealformål og krav om områdeplan  
Byggjestad: Gbnr 1/12  
Tiltakshavar: Hilda Pauline Austegard

Saka gjeld søknad dispensasjon i samband med søknad om arealoverføring av største delen av landbrukseigedomen gbnr 1/12 til gbnr 1/346. Gjenstående areal vil utgjera om lag 2506 m<sup>2</sup> og vil bestå av våningshuset og garasjen. Areal som vert søkt overført er oppgjeve til å vera om lag 91 272 m<sup>2</sup>. Søkjar oppgjer at arealet som vert søkt overført i hovudsak er rekna som produktiv skog.

Gbnr 1/346 har eit registrert areal i matrikkelen 1776,9 m<sup>2</sup>.


### Planstatus

Største delen av arealet som vert søkt arealoverført er uregulert og har arealformål LNF i kommunedelplan for Meland (KDP). Ein del er har arealformål bustad og ein mindre del er omfatta av reguleringsplan for Flatøy sør/ aust, planid 125619971015.

Gbnr 1/346 har arealformål LNF- spreidd bustad i KDP.


Området ligg innanfor omsynsone H810\_6- sone for felles planlegging, KDP punkt 4.5: *H810\_6 Flatøy aust- Det skal utarbeidast ein heilskapleg områdereguleringsplan på austsida av E39 på Flatøy.*

### Kart



Figur 1: Omrisset av gbnr. 1/12, teig 1.

Figur 2: Omrisset av gbnr. 1/12, teig 2.



Figur 4: Omrisset av gjenstående areal på gbnr. 1/12 etter fradelingen.

Gbnr 1/346 med raudt. Restareal med gult

## VURDERING

I praksis er det her snakk om makebyte av våningshus på eiendommen. Alver kommune har hatt fleire slike saker dei seinare åra der det er gjeve dispensasjon og løyve.

Kommunen er av oppfatning av at det er uheldig at bnr.12 vert liggjande att og landbruksarealet får bnr. 346. Dette med tanke på eventuelle rettar og plikter gardseigedommen måtte ha.

Det er i seinare tid vorte gitt fleire dispensasjonar frå kravet om at området skal inngå i områdeplan.

Det er søkt om løyve til deling etter jordlova. Denne søknaden er til handsaming hjå landbruksavdelinga i kommunen.

**Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon  
Situasjonskart

**Kopi til:**

Advokatfirmaet Kyrre Ans

Postboks 1826 Nordnes

5816

BERGEN

**Mottakarar:**

Alver kommune- Plan og analyse  
Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER